



**SELJE KOMMUNE**  
Driftsutvalet

## Møtebok

**Møtedato:** 17.01.2013

**Møtetid:** Kl. 15:00 – 17:15

**Møtested:** Kommunehuset, 3. etg.

**Saksnr.:** 001/13 - 005/13

---

**Følgjande medlemmer møtte**

TP: Gunnar Silden. FRP: Marit Swensen. H: Eva Janne T. Årvik

---

**Følgjande medlemmer møtte ikkje**

KRF: Stein Robert Osdal. TP: Stine Aase Myhre, Terje Ødegård. FRP: Svein Hansen

---

**Følgjande varamedlemmer møtte**

KRF: Laura Marie Fure. TP: Vivian Nygård Sætren, Andreas Rundereim.

FRP: Ove Swensen

---

**Følgjande frå administrasjonen møtte**

Rådmann Reidar Sandviknes møtte i sak 001/13 tom 003/12, og førte møteboka.

Tenesteleiar Kommunalteknikk Terje Nybakk førte møteboka i sak 004/13 og  
landbrukskonsulent Kristian Nave, som førte møteboka i sak 005/12.

---

**Merknad til innkallinga**

Ingen

---

**Merknad til saklista**

Ingen

---

7 voterande

## **Følgjande saker vart handsama**

<b>Sak nr.</b>	<b>Sakstittel</b>
001/13	Godkjenning av møtebok
002/13	Delegasjonssaker
003/13	Referatsaker
004/13	Regional transportplan for Sogn og Fjordane 2014 - 2023. Vurdering/innspeil frå Selje kommune, behov for gang-/sykkelvegar
005/13	SMIL - Strategiplan for spesielle miljøtiltak i landbruket 2013 - 2016

**Tilleggsaker:** Ingen

**Utskrift protokoll:** Medlemmar, møtande varamedlemmar, biblioteka, abonnentar

**Utskrift møtebok:** Abonnentar, kontrollutvalet, kommunekassa, revisor

**Signatur:** \_\_\_\_\_



# SELJE KOMMUNE

<b>SAKSGANG</b>		
<b>Styre, råd, utval</b>	<b>Møtedato</b>	<b>Saksnr</b>
Driftsutvalet	17.01.2013	001/13

<b>Sakshandsamar:</b> Unni Eltvik Hovden	<b>Arkiv:</b> FE-	<b>Arkivsaknr</b> 13/30
---	----------------------	----------------------------

## Godkjenning av møtebok

### TILRÅDING FRÅ ADMINISTRASJONEN:

Møteboka frå møte 06.12.12 vert godkjent slik den ligg føre.

### **Handsaming i Driftsutvalet - 17.01.2013**

7 voterande

### KU-001/13 VEDTAK

Møteboka frå møte 06.12.12 vert godkjent slik den ligg føre.  
Samrøystes.



# SELJE KOMMUNE

<b>SAKSGANG</b>		
<b>Styre, råd, utval</b>	<b>Møtedato</b>	<b>Saksnr</b>
Driftsutvalet	17.01.2013	002/13

<b>Sakshandsamar:</b> Unni Eltvik Hovden	<b>Arkiv:</b> FE-	<b>Arkivsaknr</b> 13/28
---	----------------------	----------------------------

## Delegasjonssaker

**DKU. 001/13: Gbnr. 89/26 - Byggsak - Ivan Flataker**

**DKU. 002/13: Gbnr 26/6 - Byggsak - Tilbygg hønseri - Kenneth Brandal**

**DKU. 003/13: Gbnr. 5/1 - Byggsak - Naust - Kåre Sørensen**

**DKU. 114/12: Gbnr 50/3 - Byggsak - Tilbygg - Sverre Leikanger**

**DKU. 119/12: Gbnr. 32/6 - Byggsak - Flytebrygge - Ivar Hoddevik**

**DKU. 120/12: Gbnr. 22/13 - Omdisponering av landbruksareal - Sigmund Borgund**

**DKU. 121/12: Gbnr. 24/5 - Dispensasjon, pbl. og omdisponering av landbruksareal - fritidsbustad - Atle Krogh**

**DKU. 122/12: B.sak - Endra skulestad 2012**

**DKU. 124/12: Gbnr 45/3 - Byggsak - Tilbygg - Reidulf Vik**

## TILRÅDING FRÅ ADMINISTRASJONEN

Delegerte saker vert tekne til etterretning slik dei ligg føre.

## **Handsaming i Driftsutvalet - 17.01.2013**

7 voterande

### **KU-002/13 VEDTAK**

Delegerte saker vert tekne til etterretning slik dei ligg føre.

Samrøystes.



# SELJE KOMMUNE

<b>SAKSGANG</b>		
<b>Styre, råd, utval</b>	<b>Møtedato</b>	<b>Saksnr</b>
Driftsutvalet	17.01.2013	003/13

<b>Sakshandsamar:</b> Unni Eltvik Hovden	<b>Arkiv:</b> FE-	<b>Arkivsaknr</b> 13/29
---	----------------------	----------------------------

## Referatsaker

### Refererte skriv og meldingar:

1. Møteplan 2013 - Driftsutvalet
2. Politikarportalen - Gunnar Silden etterspør status vedk. Politikarportalen / Tidspunkt for tilkobling?
3. Erstatning etter orkanen Dagmar - Gunnar Silden etterspør status vedk. kva utbetringar som er/vert gjort etter orkanen Dagmar, td. sikring av vegetasjon ved Seljesanden.
4. Budsjett 2013 - Orientering/drøfting v/rådmann.

### Tilleggsreferat:

### TILRÅDING FRÅ ADMINISTRASJONEN

Referatsaker vert tekne til etterretning slik dei ligg føre.

### **Handsaming i Driftsutvalet - 17.01.2013**

7 voterande

### KU-003/13 VEDTAK

- 01.Møteplan 2013 Driftsutvalet - Møtedatoar: 17.01 – 14.03 – 23.05 – 19.08 – 24.10
- 02.Politikarportalen: Ikt-ingeniør Willy Nordpoll var til stades og orienterte. Selje kommune vert no som den siste i Nordfjordnettet kopla opp til politikarportalen. Kjem meir informasjon om opplæring etc.
- 03.Orkanen Dagmar: Orientering frå tenesteleiar Kommunalteknikk Terje Nybakk vedk. Søknad, tildeing og bruk av erstatningsmidlar etter Dagmar-uveret.

Driftsutvalet ber kommunalsjef Oppvekst Bård Fløde om ei orientering vedk. riving av Hoddevikbuda og evt. tilskot i samband med dette.

04. Budsjett 2013: Rådmannen la fram status og arbeidsplan i høve budsjettvedtak  
K-sak 82/12

Driftsutvalet ynskjer meir info om turistdrifta i Selje, samarbeidet med Reisemål Stryn og Nordfjord og økonomien i samband med dette.

Samrøystes.



# SELJE KOMMUNE

SAKSGANG		
Styre, råd, utval	Møtedato	Saksnr
Driftsutvalet	17.01.2013	004/13

Sakshandsamar	Arkiv	Arkivsak
Terje Nybakk	FE-123, FA-Q10	12/287

## **Regional transportplan for Sogn og Fjordane 2014 - 2023. Vurdering/innspeil frå Selje kommune, behov for gang-/sykkelvegar**

### Dokumentliste

Nr	T	Dok.dato	Avsender/Mottaker	Tittel
8	I	20.12.2012	Statens Vegesen	Regional transportplan - behov for gang- og sykkelvegar
10	U	18.01.2013	Statens Vegesen	Regional transportplan, behov for gang- og sykkelvegar
11	I	22.01.2013	Sogn og Fjordane Fylkeskommune	Innspeil frå Selje kommune Regional transportplan Sogn og Fjordane 2014-23 - Innspeil til handlingsprogram

### Vedlegg i saka

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
28.12.2012	Regional transportplan - behov for gang- og sykkelvegar	41309
09.01.2013	Selje.1.pdf	41466
09.01.2013	Leikanger.1.pdf	41469
09.01.2013	Flatraket.1.pdf	41465

### Saka gjeld

Førespurnad frå Statens vegvesen til Selje kommune om innspeil til Regional transportplan, vurdering av behov for utbygging og tilrettelegging for gåande og syklande.

### Opplysningar til saka

Primært gjeld førespurnaden behovet langs fylkesvegane, men behovet langs kommunale vegar bør også kunne vurderast.

Kommunane bes særskilt ha fokus på situasjonen kring skular og tettstadar.

I tillegg bør ein ta med evt. problem kring tunnelar.



Dersom kommunen har gjennomført ”barnetråkkregistrering”, bør desse oversendast Statens vegvesen.

Dersom kommunen har prioritert behovet for gang-/sykkelvegar, bes også desse oversendast.

### **Sakshandsamar si vurdering**

Kommunen har ikkje gjennomført ”barnetråkkregistrering”.

Når det gjeld prioritering av gang-/sykkelvegar, er dette til ein viss grad teke stilling til i kommunen sin trafikktryggingssplan. Prioriteringa ligg inne i handlingsprogrammet, dvs. neste 4 års periode.

Med bakgrunn i Trafikktryggingssplanen, har kommunen siste 10-12 åra gjennom Aksjon-skuleveg-prosjekta, fått bygd ein del gang-/sykkelvegar.

Pr. dato er bygd gang-/sykkelvegar langs fylkesveg, jfr. kartvedlegg:

- 618 på Flatraket, strekning a1 – b2
- 618 i Selje, strekning a1 – sentrum
- 620 på Leikanger, a1- c2.

Behovet er dog svært stort, og mykje større enn ein klarer å få til gjennom Aksjon skuleveg. Størst behov for utbygging og tilrettelegging for syklende og gåande, er det naturleg nok i tilknytning til tettstadane og nærare bestemt til skulane på desse plassane.

Mest aktuelt er vidare utbygging i tettstadane Flatraket, Selje og Stadlandet, jfr. vedlagde kartvedlegg.

Framlegg til tiltak:

### **FLATRAKET**

Behov for bygging av om lag 1700 m gang-/sykkelveg:

1. Langs FV. 618: Storelva – avk. veg til bustadfelt Flatraket, a1-a2, 100 m.
2. Langs FV. 618, Flatraket skule- mot Gangeskar, b1-b2, 750 m.
3. Langs FV. 618, avk. veg til bustadfelt Flatraket – 100 m forbi utsikten, c1-c2, 850 m.

I tillegg bør vurderast lys i tunnel i Gangskar. Er eit problem i dag;- smal veg i tunnel utan lys som er mykje brukt i tursamheng.

### **SELJE**

Behov for bygging av om lag 3550 m gang-/og sykkelveg:

1. Langs FV. 618, Selje- XBortne, a1-a2, 1700 m.
2. Langs FV.632, Selje – mot Skårbø, b1-b2, 1000 m.
3. Langs FV.631, Selje – Xveg til byggefelt Djupedalen, c1-c2, 850 m.

### **LEIKANGER**

Behov for bygging av om lag 2750 m gang-/og sykkelveg:

1. Langs FV.620/632, Leikanger sentrum – byggefelt på Stave, a1-a2-a3, 1750 m
2. Langs FV.633, Leikanger sentrum – Stave/Beitveit, b1-b2, 1000 m.

*Med desse tiltaka oppnår ein eit samanhengande gang-/sykkelvegnett gjennom dei tre tettstadane i kommunen, og unngår at gåande/syklende fleire stadar må ut av gang-/sykkelvegen og inn på køyrevegen att. Dette er eit faremoment i dag.*

*Pr. dato skjer dette på Flatraket i a1 og b2, i Selje a1,b1 og c1 og Leikanger i a og c2.*

## **Konklusjon**

Selje kommune prioriterer utbygging og tilrettelegging for syklende og gåande slik det går fram av saksutgreiinga.

## **Saksgang**

Endeleg vedtak i Driftsutvalet

## **TILRÅDING FRÅ ADMINISTRASJONEN**

Selje kommune prioriterer utbygging og tilrettelegging for syklende og gåande slik det går fram av saksutgreiinga.

## **Handsaming i Driftsutvalet - 17.01.2013**

7 voterande

### **Framlegg frå Driftsutvalet:**

Som tilrådinga frå administrasjonen med fylgjande tillegg av pkt. 3:

### **LEIKANGER**

3. Langs FV 620, frå c2 i Nollen og innover til Otneim, 4200 m.

### **Avrøysting:**

Tilråding frå administrasjonen fekk 0 røyster for.

Framlegg frå Driftsutvalet fekk 7 røyster for.

### **KU-004/13 VEDTAK**

Selje kommune prioriterer utbygging og tilrettelegging for syklende og gåande slik det går fram av saksutgreiinga.

Saksutgreiinga får fylgjande tillegg av pkt. 3:

### **LEIKANGER**

3. Langs FV 620, frå c2 i Nollen og innover til Otneim, 4200 m.

Samrøystes.

Utskrift til:

Statens Vegvesen



# SELJE KOMMUNE

## SAKSGANG

Styre, råd, utval	Møtedato	Saksnr
Driftsutvalet	17.01.2013	005/13

Sakshandsamar	Arkiv	Arkivsak
Gry Otneim Leikanger	FA-V18	12/1224

## SMIL - Strategiplan for spesielle miljøtiltak i landbruket 2013 - 2016

### Dokumentliste

Nr	T	Dok.dato	Avsender/Mottaker	Tittel
1	U	10.12.2012	Innbyggjarane i Selje kommune	SMIL - Strategiplan for spesielle miljøtiltak i landbruket 2013-2016 - offentlig ettersyn

### Vedlegg i saka

Strategiplan for

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
15.01.2013	SMIL offentlig ettersyn.pdf	41651
15.01.2013	Vedlegg til Strategiplan.docx	41652

spesielle miljøtiltak i landbruket 2013-2016.

### Saka gjeld

Utarbeiding av ny SMIL-strategi for åra 2013-2016.

### Opplysningar til saka

Kulturlandskapsgruppa i Selje kommune har hausten 2012 gjennomført 2.gangs revidering av Strategiplan for spesielle miljøtiltak i landbruket. Plandokumentet var ute til offentlig ettersyn i perioden 11.12.12-06.01.13. Det har ikkje kome inn innspel eller merknadar til planframlegget.

Vedteken strategi skal sendast til Fylkesmannen innan 01.02.2013.

### Lover/regelverk

Forskrift om tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket.  
Rundskriv 07/2005

### **Sakshandsamar si vurdering og vidare saksgang**

I etterkant ser sakshandsamar at plandokumentet burde vore lagt fram for driftsutvalet før det vart lagt ut til offentleg ettersyn. Sett i forhold til medverknad og arbeidsprosess i Kulturlandskapsgruppa, meiner sakshandsamar at planen likevel kan leggest fram for driftsutvalet med vidare saksgang i kommunestyret.

### **TILRÅDING FRÅ ADMINISTRASJONEN**

Driftsutvalet godkjenner planforslaget og sender det over for endeleg avgjerd i kommunestyret.

### **Handsaming i Driftsutvalet - 17.01.2013**

7 voterande

#### **Framlegg frå Driftsutvalet:**

Tilføyning på side 10 i strategiplanen:

Ynskjer store skilt med kart over viktige stiar som Kongevegen over Manseidet, Dragseidet, Berstadeidet og Kyrkjevegen.

#### **Avrøysting:**

Framlegg frå Driftsutvalet vart samrøystes vedteke.

### **KU-005/13 FRAMLEGG**

Som tilrådinga frå administrasjonen med fylgjande tilføyning på side 10 i strategiplanen:

Ynskjer store skilt med kart over viktige stiar som Kongevegen over Manseidet, Dragseidet, Berstadeidet og Kyrkjevegen.

